

Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 23.01.2018

Sak nr.: 18/472-3

Internt l.nr. 3676/18

Sak: 9/18

Tittel: **Utbygging og drift av Nova-feltet. Høring av konsekvensutgreiing.**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

1. Elektrifisering, driftsorganisasjon, forsyningsbase, persontransport og involvering av leverandørindustrien i fylket er sentrale stikkord for forventningar frå Sogn og Fjordane i samband med nye utbyggingar utanfor fylket. Konsekvensutgreiinga er utydeleg i høve ringverknadar i Sogn og Fjordane, og det er naturleg å spisse nokre av forventningane.
2. Florø ligg nærast feltet. Her er det over tid utvikla areal, kompetanse og annan infrastruktur slik at industrien leverer komplette og konkurransedyktige tenester. Tre operatørselskap er etablerte, og føresetnadane for effektivt samarbeid er dei aller beste. Dette tilseier at det både med omsyn til økonomi, miljø og tryggleik, så vel som ut frå omsyn til at aktivitet offshore skal syne att i aktivitet på land, bør Florø veljast som forsynings- og helikopterbase. At fagforbundet Industri Energi i fråsegn til KU-program går inn for denne løysinga, underbyggjer dette. I forhold til helikoptertransport vil vi peike på at avstanden frå Nova til Florø er vesentleg kortare enn til Flesland, med dei tryggleiksaspekt dette har.
3. Utbygging av Nova-feltet vil m.a. innebere omfattande aktivitet knytt til røyrlegging og installasjon av subseamodular. Å definere Florø som transportknutepunkt (både personell og utstyr) også for desse aktivitetane, er viktig for at leverandørindustrien vår skal finne grunnlag for eit best mogleg inngrep i prosjektet. Så snart hovud-/systemleverandørane er valde, forventar vi difor at det blir arrangert leverandørseminar eller anna med tilsvarende effekt, slik at kontakt mellom desse og leverandørindustrien kan etablerast for å sikre eit best mogleg grunnlag (informasjonsflyt mm.) for konkurransedyktige tilbod av støttetjenester og utstyr.
4. For Nova er det i seinare driftsfase grunn til å tru at det vil være omfattande aktivitet knytt til lagring og vedlikehald av subseautstyr. Vedlikehald av innsendt utstyr bør vere eit absolutt minimum av driftsoppgåver som bør leggest til Florø. Denne modellen er i dag gjeldande for Gjøa, så vel som for Vega (Wintershall operatør). På Fjord base og i området elles, er det over tid utvikla infrastruktur og erfaring til å ta hand om slike oppgåver (subsea og anna utstyr). Lokalt bachelorstudium i undervass-/havromsteknologi er med å styrkje denne kompetanse-basen.